



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Voldsfjorden, Volda rådhus  
**Dato:** 31.01.2017  
**Tid:** 12:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen, permisjon kl. 16.10	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Reprenterer
Roald Arnold Espset	Odd Arne Folkestad	FRP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjugard	Rådmann
Heidi Istad	Planleggar, OS 18/17
Berit Sandvik Skeide	Planleggar, PS 16/17
Per Ivar Kongsvik	Oppvekstsjef, PS 17/17 og OS 20/17



## **SAKLISTE**

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 14/17	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 15/17	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 16/17	<b>Planid 2016009. Søknad om oppstart av reguleringsplanarbeid, gbr.18/1</b>
PS 21/17	<b>Planid 2016001 - reguleringsplan E39 Volda - Furene.Utfordringsnotat i høve nytt planframlegg for Torvmyrvegen</b>
PS 22/17	<b>Planid 2016004 - reguleringsplan Hytteveg - Botnen i Austefjorden - gbr 74/2, 4 m.fl.</b>
PS 17/17	<b>Vurdering av syskenmoderasjon mellom barnehage og skulefritidsordning</b>
OS 18/17	<b>Orientering om innspel til arealdelen og vidare planprosess - Planid 2016005</b>
PS 18/17	<b>Vidareføring av avtalar mellom fylkeskommunen og kommunane om God Helse partnerskapet for 2017-2019</b>
PS 19/17	<b>Oppnemning av temakomitear - Mellombels fellesnemnd Volda og Hornindal kommuner</b>
PS 20/17	<b>Orienteringssaker</b>
OS 19/17	<b>Innstilling frå kulturhusutval om samfunnshus, kino- og kultursal</b>
OS 20/17	<b>Orientering til formannskapet - Intensjonsavtale PPT</b>
OS 21/17	<b>Svar på spørsmål frå MDG om midlar til klimatiltak i kommunene</b>
OS 22/17	<b>Svar på søknad om økonomisk støtte (kr 25.000) til oppussing av nytt lokale i høve riving av gamleskulen i Austefjorden</b>
OS 23/17	<b>Høyringsvar - Retningslinje for bistand frå kommunalt personell for personar med spesielle oppfølgingsbehov ved innlegging i Helse Møre og Romsdal HF</b>



## VOLDA KOMMUNE

- OS 24/17      **Samordna bolig-, areal- og transportplan Ålesundsregionen**
- OS 25/17      **Endringar i lokal struktur - Møre og Romsdal politidistrikt**
- OS 26/17      **Statleg finansiering av kommunale tenester til flyktingar**

### **PS 14/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Handsaming:**

##### Synfaring Scana Volda AS

Innleiingsvis i møtet var formannskapet på synfaring til Scana Volda AS, der formannskapet fekk informasjon om bedrifta.

##### Orientering om leilighetsprosjekt Volda sentrum

Sporstøl arkitekter AS, Norwegian group og Sunnmøre Invest AS orienterte om førebelse planar kring leilighetsprosjekt på nedre Rotset i Volda sentrum. Det vart opna for spørsmål frå formannskapet i etterkant av orienteringa.

#### **Innkalling:**

Ettersendte dokument 30.01.2017:

- Vedlegg til OS 20/17 Intensjonsavtale PPT.
- Planid 2016001 – Reguleringsplan E39 Volda-Furene. Utfordringsnotat.
- Planid 2016004 – Reguleringsplan hytteveg – Botnen i Austefjorden, gbr 74/2, 4 m.fl.

#### **Sakliste:**

Ordføraren kom med framlegg om at PS 21/17 og PS 22/17 vert handsama etter PS 16/17.

#### **Røysting:**

Innkalling og sakliste, med endring frå ordføraren, vart samrøystes godkjent.

### **PS 15/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

#### **Handsaming:**

#### **Røysting:**

Møteprotokollen frå sist møte, den 10.01.2017, vart samrøystes godkjent.



## VOLDA KOMMUNE

### **PS 16/17 Planid 2016009. Søknad om oppstart av reguleringsplanarbeid, gbr.18/1**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Formannskapet godkjenner i medhald av plan- og bygningslova, § 12-8, søknad om oppstart av reguleringsplanarbeid for gnr. 18, bnr. 1.*

#### **Handsaming:**

Sakshandsamar Berit Sandvik Skeide orienterte om saka.

#### **Røysting** (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i formannskapet - 31.01.2017:**

*Formannskapet godkjenner i medhald av plan- og bygningslova, § 12-8, søknad om oppstart av reguleringsplanarbeid for gnr. 18, bnr. 1.*

### **PS 21/17 Planid 2016001 - reguleringsplan E39 Volda - Furene. Utfordringsnotat i høve nytt planframlegg for Torvmyrvegen**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Volda kommune viser til at lenging av Torvmyrvegen er teke inn som aktuelt tiltak i framlegg til prosjektportefølje for felles samferdslepakke for Volda/Ørsta.*

*Kommunen vil ut frå dette oppmode om at planlegging av vegen vert teke med i plan for E39 Volda -Furene så langt det gjeld dei deler av tiltaket som direkte fell saman med planlagt utbygging av E39.*

*Kommunen vil vurdere vidare planlegging av vegen som del av bompengepakken i samarbeid med Ørsta kommune og Statens vegvesen.*

#### **Handsaming:**

Saka vart ettersendt til formannskapet den 30.01.17.

Ordføraren orienterte om saka.

Ordføraren kom med slikt alternativt framlegg til 2. avsnitt i tilrådinga frå administrasjonen:

*Volda kommune vil ut frå dette be om at Torvmyrvegen vert teke med i reguleringsplanen for E39 Volda-Furene. Volda kommune viser til at kulvert under E39 Volda-Furene vert ein del av dette veganlegget.*



## VOLDA KOMMUNE

### **Røysting** (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen, med endring frå ordføraren, vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i formannskapet - 31.01.2017:**

*Volda kommune viser til at lenging av Torvmyrvegen er teke inn som aktuelt tiltak i framlegg til prosjektportefølje for felles samferdslepakke for Volda/Ørsta.*

*Volda kommune vil ut frå dette be om at Torvmyrvegen vert teke med i reguleringsplanen for E39 Volda-Furene. Volda kommune viser til at kulvert under E39 Volda-Furene vert ein del av dette veganlegget.*

*Kommunen vil vurdere vidare planlegging av vegen som del av bompengepakken i samarbeid med Ørsta kommune og Statens vegvesen.*

### **PS 22/17 Planid 2016004 - reguleringsplan Hytteveg - Botnen i Austefjorden - gbr 74/2, 4 m.fl.**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Framlegg til detaljreguleringsplan for planID 2016004- Hytteveg- Botnen i Austefjorden, del av gnr 71/2 og 4 m.fl, slik det går fram av planomtale, plankart og føresegner datert 28.11.2016, vert fremja og vert å legge ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-10, jf §12-11.*

#### **Handsaming:**

Saka vart ettersendt til formannskapet den 30.01.17.

Ordføraren kom med slikt framlegg:

*Saka vert utsett for nærmare grunngjeving for rettar som ligg i jordskiftedommen.*

### **Røysting** (ni røysteføre):

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i formannskapet - 31.01.2017:**

*Saka vert utsett for nærmare grunngjeving for rettar som ligg i jordskiftedommen.*



## VOLDA KOMMUNE

### **PS 17/17 Vurdering av syskenmoderasjon mellom barnehage og skulefritidsordning**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*I komande økonomiplanperiode vert det ikkje innført syskenmoderasjon mellom barnehage og skulefritidsordning.*

#### **Handsaming:**

Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik orienterte om saka.

#### **Røysting** (ni røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

#### **Tilråding i formannskapet - 31.01.2017 til kommunestyret:**

*I komande økonomiplanperiode vert det ikkje innført syskenmoderasjon mellom barnehage og skulefritidsordning.*

Sølvi Dimmen fekk permisjon, det var åtte røysteføre i framhald av møtet.

### **OS 18/17 Orientering om innspel til arealdelen og vidare planprosess - Planid 2016005**

Arealplanleggar Heidi Istad orienterte om innkomne innspel til kommuneplanen sin arealdel.

### **PS 18/17 Vidareføring av avtalar mellom fylkeskommunen og kommunane om God Helse partnerskapet for 2017-2019**

#### **Administrasjonen si tilråding**

- 1. Volda kommune vidarefører samarbeidsavtalen om folkehelse og folkehelse-satsing (God Helse partneravtalen) med Møre og Romsdal fylkeskommune for perioden 2017 – 2019*
- 2. Det vert lagt fram eiga sak om folkehelse- og frisklivsarbeidet i Volda kommune til politisk behandling i løpet av våren 2017*

#### **Handsaming:**

#### **Røysting** (åtte røysteføre):



## VOLDA KOMMUNE

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i formannskapet - 31.01.2017:**

- 1. Volda kommune vidarefører samarbeidsavtalen om folkehelse og folkehelse-satsing (God Helse partneravtalen) med Møre og Romsdal fylkeskommune for perioden 2017 – 2019*
- 2. Det vert lagt fram eiga sak om folkehelse- og frisklivsarbeidet i Volda kommune til politisk behandling i løpet av våren 2017*

### **PS 19/17 Oppnemning av temakomitear - Mellombels fellesnemnd Volda og Hornindal kommuner**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

*Saka vert lagt fram utan tilråding.*

#### **Handsaming:**

Ordføraren kom med slikt framlegg til leiar for nemnda heraldikk/namn:

*Jon Tvinnereim*

Formannskapet drøfta saka.

Ordføraren kom med slikt framlegg:

*Saka vert utsett.*

#### **Røysting (åtte røysteføre):**

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i formannskapet:**

*Saka vert utsett.*



## **PS 20/17 Orienteringssaker**

### **OS 19/17 Innstilling frå kulturhusutval om samfunnshus, kino- og kultursal**

### **OS 20/17 Orientering til formannskapet - Intensjonsavtale PPT**

Vedlegg til orienteringssaka; notat frå rådmannen, datert 27.01.17, *Organisering av PPT*, vart ettersendt til formannskapet den 30.01.17.

### **OS 21/17 Svar på spørsmål frå MDG om midlar til klimatiltak i kommunene**

Rådmannen informerte om at det har kome nye opplysningar i saka. Sunnmøre regionråd vil på vegne av kommunane søkje midlar til klimatiltak, vidare vil Sunnmøre regionråd utarbeide revidert handlingsplan for miljøtiltak. Kommunane kan sjølve velje om dei vil vere med på tiltaket.

### **OS 22/17 Svar på søknad om økonomisk støtte (kr 25.000) til oppussing av nytt lokale i høve riving av gamleskulen i Austefjorden**

Formannskapet drøfta saka og bad om at dette kjem attende til handsaming som eiga politisk sak. Formannskapet ynskjer meir informasjon om tiltaket og stiller mellom anna spørsmål om også Austefjord skule som er eigd av kommunen kan nyttast av Austefjord bygdekvinnelag.

### **OS 23/17 Høyringsvar - Retningslinje for bistand frå kommunalt personell for personar med spesielle oppfølgingsbehov ved innlegging i Helse Møre og Romsdal HF**

### **OS 24/17 Samordna bolig-, areal- og transportplan Ålesundsregionen**

### **OS 25/17 Endringar i lokal struktur - Møre og Romsdal politidistrikt**

### **OS 26/17 Statleg finansiering av kommunale tenester til flyktningar**

Rådmannen reiste ei prinsippsak rundt finansieringsansvar for tenester til flyktningar som ikkje har godkjent opphald i Norge. Dette vert teke opp med advokat og sentrale myndigheiter.





**VOLDA KOMMUNE**

Møtet slutt kl. 18.10.

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret  
01.02.2017

Sonja Håvik  
konsulent